

Til redaksjonen



Presseinvitasjon

14.05.2024

No opnar landslovjubileet i Vestland si storsatsing: utstillinga Magnus Lagabøtes landslov 750 år

Tysdag 21. mai kl.16.00 opnar kulturminister Lubna Jaffery den store jubileumsutstillinga Magnus Lagabøtes landslov 750 år på Bryggens museum. Med på feiringa er også gjester frå Orknøyane og Vestland sine eigne Magnus (18) og Ingeborg (23).

Landslova vart laga i Håkonshallen i Bergen, og i år feirar vi at det er 750 år sidan denne viktige lova vart til. I mellomalderen var det slett ikkje vanleg å ha landsdekkande lover, og Noreg låg langt framme i lovskapingsarbeidet. Med Magnus Lagabøtes landslov fekk vi for første gong ei lov som gjaldt for heile Noreg, og lova var den tredje av totalt fire riksdekkande europeiske lovbøker frå høg- og seinmellomalderen.

Som einaste stad i Noreg har Bergen fleire kulturminne direkte knytt til Magnus Lagabøte og kongssetet hans, som Håkonshallen, Rosenkrantzårnet, Domkirken, og Nonneseter.

– Eg er stolt over å kunne ønske velkomen til utstillinga om vår eigen Magnus Lagabøte og Landslova. Universitetet i Bergen og Bymuseet i Bergen har med sine dyktige fagfolk saman med Vestland fylkeskommune laga ei utstilling som gir eit unikt innblikk i tida då denne banebrytande lova vart skriven. Du får og ein sjeldan moglegheit til å sjå ei av dei handskrivne utgåvene av Landslova, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Om utstillinga

Utstillinga er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen med Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket, Bymuseet i Bergen og Vestland fylkeskommune, og er det største enkeltarrangementet i 750-årsfeiringa av Landslova i Bergen og Vestland. I tillegg til eit spennande eksemplar av Landslova, syner utstillinga fram ei mengd mellomalderdokument, arkeologiske funn og kulturhistoriske skattar. Utstillinga er støtta også av Bergen kommune og Kulturdepartementet. Utstillinga opnar for publikum 22. mai.

Mottaking i Håkonshallen

Til stades under opninga 21. mai er kulturminister Lubna Jaffery, fylkesordførar og leiar av jubileumskomiteen Jon Askeland, ordførar Marit Warncke, rektor Margareth Hagen ved UiB, Astrid M. Strømsnes, fung. dir. ved Bymuseet i Bergen og prosjektleiar for landslovjubileet i Vestland, Anna Elisa Tryti. Øvrige representantar frå jubileumskomiteen for landslovjubileet i Vestland er også til stades. Etter utstillingsopninga held ordførar i Bergen, Marit Warncke mottaking i Håkonshallen kl. 18.00. Her vert det talar, framføring av Noreg sitt eldste musikkstykke frå 1281 ved Griegakademiet, UiB og teaterinnslag ved Bymuseet.

Gjester frå Orknøyene

Då Landslova vart til, låg Orknøyene under Noreg. I Bergen denne dagen vil dei øvste representantane frå regionsrådet Orkney Islands Council vere med, både på utstillingsopning og mottaking i Håkonshallen.

Magnus og Ingeborg anno 2024

Magnus Lagabøte blei konge i 1263 berre 25 år gammal. Nokre år tidlegare gifta han seg med si Ingeborg Eriksdotter i Håkonshallen. For å involvere unge i landslovjubileet, er ein Magnus og ei Ingeborg mellom 18 og 25 år inviterte til å vere med på den offisielle opninga av jubileumsutstillinga og mottakinga i Håkonshallen. Magnus (18) frå Kvinnherad og Ingeborg (23) frå Bergen er plukka ut til å delta, og vil vere tilgjengelege for pressa. Ingeborg er jusstudent og har nyleg levert si masteroppgåve om Landslova, medan Magnus er vgs.-elev i Vestland.

Verdiseglas med ungdomar

På opningsdagen er det også mogleg å få med seg verdisegласen, der båtane “Caroline af Sandnes”, “MS Granvin” og “KNM Magnus Lagabøte” kjem inn til Vågen kl. 11.30, der dei vil blitt møtt av biskop Ragnhild Jepsen, Bjørgvin bispedøme og fylkesordførar Jon Askeland. Verdiseglas 2024 ei pilegrimsferd i fleire etappar med bakgrunn i dei to rettsjubilea i 2024, der unge på nøkkelstadane langs leia er inviterte inn i verdisamtalar. For detaljar om programmet, sjå

<https://www.kyrkjekulturvest.no/verdiseglas>

Pressa er invitert til å delta på dei ulike programpostane ila dagen.

[Til pressefoto frå utstillinga Magnus Lagabøtes landslov 750 år](#)

Landslovjubileet i Vestland

Landslovjubileet er i gang for fullt i store delar av Vestland. Ei mengde aktørar har motteke tilskot frå Vestland fylkeskommune til prosjekt og arrangement i jubileet. Arrangementa i Vestland spenner vidt frå fagleg fordjuping gjennom to internasjonale forskarkonferansar, til jubileumsutstilling og tingsamlingar for unge på Moster og på Gulatinget.

Sjekk [kalenderen](#) for lokale arrangement og les om Landslova, mellomalderen og kulturminna i Bergen på [Landslovjubileet - Vestland fylkeskommune](#).

Kontaktpersonar

Fylkesordførar Jon Askeland – 47 45 97 20

Anna Elisa Tryti, prosjektdirektør – 91 80 73 02

Om utstillinga:

Kari Skarprud Pettersen,

utstillings- og formidlingsleiar, Bymuseet – 97 63 88 65

For praktiske spørsmål:

Hilde Joranger Mæland,

kommunikasjonssjef Vestland fylkeskommune – 45 60 07 10

Jubileet i Vestland er eit samarbeid mellom



